




Sunnfjord  
kommune

# Skei barnehage

Barnehageportrett



## Historiske barnetal frå 2008 – 2023



## Kapasitetsutnytting

Faktorar	15.12.2023	30.06.2024	2024/2025
Barn under 3 år	20	21	25
Barn over tre år	33	34	31
Godkjent leike- og oppholdsareal kvm	439	439	439
Arealutnytting kvm	268,5	279	289,5
Kapasitet arealplassar	97,6	97,6	97,6
Arealplassar i bruk	59,7	62	64,4
Ledige arealplassar	37,9	35,6	33,2

## Bemanning i årsverk

Bemanning etter teneste 201

Faktorar	2023/2024	2024/2025
Styrar	1,0	1,0
Assisterande styrar	0,5	0,6
Pedagogisk leiar	6,0	5,4
Barnehagelærar	0,0	0,8
Fagarbeidar	7,6	4,8
Assistent	0,0	2,8
Lærling	0,0	1,0
Snittalder		47,7

## Grunnbemanning

Bemanningsnorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per vaksen	5,8	5,9	5,3	5,2

## Pedagognorm

Pedagognorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per pedagog	13,1	13,8	11,5	11,2

## Økonomi

Økonomi	2020	2021	2022	2023
Rekneskap	7 804 792	8 458 537	9 378 375	10 078 018
Budsjett	8 418 303	9 077 273	8 760 375	10 878 102
Kostnad per heiltidsplass	131 838	134 262	165 112	190 872

## Tilbod og utvikling i sektoren

Skule	Skei skule
Tilknyting til andre tenestetilbod	Det er fleire servicetilbod i Skei sentrum.
Bustad og næring	Skei har rikeleg med gryteklaer bustadplanar i høve folketalsvekst, samt planar for næring i og rundt Skei sentrum.

## Bygningsmasse

Byggeår	1987, nytt tilbygg 2014.
Areal	811 kvm
Godkjent leike- og oppholdsareal	439 kvm
Uteareal	5 386 kvm

## Andre forhold

Avstand til Førde sentrum	43,8 km
Avstand til Stardalen barnehage	11,8 km
Avstand til Slåttebakkane barnehage	15,7 km

## Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessentar

### Det pedagogiske tilbodet

#### Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen har fokus på eit miljø som fremjar helse, trivsel, leik og læring
- Barnehagen har ei personalgruppe som er opptekne av god kvalitet i barnehagetilbodet, som er engasjerte og ser einskildbarna sine behov
- Barnehagen har god samarbeidskultur. Noko som er viktig for det pedagogiske tilbodet i barnehagen
- Barnehagen har pedagogar på alle avdelingane
- Barnehagen nyttar naturen og nærområdet aktivt saman med barna til ulike pedagogiske aktivitetar

#### Forbetringsområder

- Auka bemanning
- Setje inn vikar ved planleggingstid for pedagogane

## Organisasjonsmessige forhold

### Dette er vi tilfreds med

- Ein er nøgd med korleis organiseringa er i dag med tanke på inndeling av barnehappene
- Barnehagen som bygg er stort nok, og vi har plass til dei 4 avdelingane som ein har no. Barnehagen har ein god del rom som vert brukt til å dele inn i grupper
- Barnehagen har stort uteområde. Eit område som er tilpassa dei eldste barna, og eit område som er tilpassa dei yngre barna

### Forbetningsområder

- Uteområde for dei minste barna treng leikeapparat
- Barnehagen treng vedlikehald og maling

## Barnehagen i lokalsamfunnet

### Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen er heilt avgjerande for lokalsamfunnet, busetnad og nærmiljø
- Gode oppvekstvilkår er avgjerande for å halde i stand eit lokalsamfunn. Både av omsyn til tilflytting, men og for at folk skal halde fram med å bu her
- Barnehagen si plassering ligg sentralt. Omsorgssenteret ligg rett ved sidan av barnehagen, og det er kort avstand til skule, hall, fjell og skog
- Barnehagen har eit godt samarbeid med sjukeheimen gjennom ulike prosjekt, som til dømes livslyst for eldre og samarbeid med dyr i sansehagen

## Andre innspel

- Vi ynskjer at ein ser på løysingar der ein nytta pengane meir på barna, og mindre på administrasjon og vedlikehald av overflødige bygg
- Ein får informasjon om stor barnehagetettleik i sentrumskjerna Førde. Der bør ein sjå på om ein kan organisere seg annleis. Når barnehagetettleiken er såpass høg vil konsekvensane av strukturendring der vere minimal, kontra i distrikta
- Kvalitet i barnehagetilbodet er viktig. Ved å investere i barnehage og prioritere tidleg innsats vil ein truleg auke gjennomføringsevna i skule, og i arbeidslivet seinare

## Prosjektgruppa si oppsummering

### No- situasjonen

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage<sup>1</sup> for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

---

<sup>1</sup> [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

Skei barnehage følger både bemanningsnorma og pedagognorma, det er noko overtalige i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna.

Barnehagen blei utvida med to avdelingar og ei oppgradering av eksisterande bygningsmasse i 2014. Ut i frå kriteria vi har lagt til grunn har barnehagen gode fasilitetar for både tilsette og barn. Det er ikkje optimale kontorplassar for tilsette. Det er ledig kapasitet i bygget ut i frå arealplassar.

## Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

### Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelærarutdanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Med redusert barnetal i framtida vil vi ha færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

### Organisering

- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppedeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkerar og alder på barna.
- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

### Lokalsamfunn (struktur)

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området. Det er behov for både utbygging og sirkulasjon i eksisterande bustadmasse.
- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premissar for at barnehagetilbodet blir oppretthalde i lokalsamfunnet
- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagetilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar sjå innspela på ([link til postlista](#))

Kontinuerleg barnehageopptak? Inn i tabell? Ekvivalentar. Barn som har slutta/flytta?